



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Stryn - kulturhus Tingsalen
Dato:	16.06.2026
Tid:	Kl. 11:00 - 18:30

Følgjande medlem møtte

Anita Linda Pettersen Almskår
Haldor Andre Lungård Hove
Jan Træen
Anders Magne Vik
Vegard Sindre Bjørlykke
Arnljot Sæternes
Ellen Hilde Hauge
Rolf Olav Tenden
Sonja Merethe Øvre-Flo
Vegard Rake Midtun
Vidar Stavik
Anders Hamre Sveen
Arnt Magne Paulen
Johan J Berge
Jorunn Oddny Aa Myklebust
Oddbjørn Reme
Per Atle Kjøllesdal
Rune Egil Myklebust
Silje Åsnes Skarstein
Stine Fjellkårstad
Endre Bø
Janne Elin Alsaker
Torstein Tvinnereim

Parti

Ap
Ap
Ap
Frp
Frp
H
H
H
H
H
KrF
R
Sp
Sp
Sp
Sp
Sp
Sp
Sp
Sp
V
V
V

Forfall meldt frå følgjande medl.

Ingrid Røe Maurset
Kari Synnøve Muri

Parti

H
KrF

Følgjande varamedlem møtte

Inge Fænn
Håvard André Kvamme

Parti

H
KrF

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Arnljot Sæternes	044/26	Jan Erik Sandbakk, H	
Arnt Magne Paulen	052/26	,	
Oddbjørn Reme	052/26	,	

Underskrifter:

Per Atle Kjøllesdal
ordfører

Jon Nesje
kommunedirektør

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
033/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
034/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
035/26	Referatsaker
036/26	Igangsetjing av anbod – konsulentteneste for utgreiing av barnehage- og skulestruktur
037/26	Høyringsvar forslag til ny heimel for pålagt opplæring utanfor elevens gruppe
038/26	Bustadpolitisk handlingsplan 2026–2034 – Stryn kommune
039/26	Tilstandsrapport for barnevernet 2025
040/26	Stryn omsorg 2045 - omsorgsbygg i Stryn kommune
041/26	Salg av Rand skule og barnehage
042/26	Høyring forskrift om cruiseavgift
043/26	Sikringstiltak Sunndøla og Hjelledøla - reparasjon av eksisterande flaumverk
044/26	Statusrapport - utgreiing av cruisekai nr 2 i Stryn kommune
045/26	Kommunedelplan for masselager - fastsetjing av planprogram
046/26	Kommunedelplan for rv. 15 - fastsetjing av planprogram
047/26	Førebuing budsjett 2027 - handlingsprogram 2027 - 2030
048/26	Rekneskapsrapport for Stryn kommune 1. tertial 2026
049/26	Budsjettendringar juni 2026
050/26	Støttekontaktordninga - svar på verbalframlegg
051/26	Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 - Vedtak av plan
052/26	Saksframlegg - Helikoptertransport til Hestehytta
053/26	Saksframlegg - Søknad om dispensasjon til motorferdsel i Sunndalen
054/26	Saksframlegg - Utandørs vaskehall ved Fagre Stryn bensinstasjon
055/26	Handsaming av saker mellombels delegering av Motorferdselslova med forskrift
056/26	Ny handsaming - Mellombels endring av skjenketid under fotball VM for herrar 2026

033/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

KS- 033/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

034/26: Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

KS- 034/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møtet vart godkjent.

035/26: Referatsaker

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Spørsmål frå representanten Oddbjørn Reme (Sp)

pørsmål / Bekymringsmelding.

I forrige kommunestyremøte fekk vi ei grundig orientering om landbruket i Stryn. Vi fekk mellom anna høyre om utfordringane beitenæringa hadde i høve tap til jerv i beitesesongen 2025 . Stranda kommune har søkt om førebyggjande fellingsløyve , men har fått avslag , grunna at ein ikkje har hatt tap i inneverande sesong . Stryn sau og geit har søkt om det same , dette er under behandling. Eg veit at deler av beitenæringa i Stryn ser med stor uro på inneverande beitesesong, og eg vil oppmode om at kommunen tek ei aktiv rolle og støttar opp om ei næring som plutselig står i utfordringar dei ikkje klarar å løyse åleine .

Spørsmålet mitt blir om Stryn kommune har ein beredskapsplan ved rovdyrangrep , i fall ein opplever ein liknande beitesesong som i 2025 ? Med helsing Oddbjørn Reme .

Svar frå kommunedirektøren.

Med den kunnskapen er har so har vi ikkje beredskapsplan for rovdyrangrep. Dette er sikkert fordi det ikkje har vore ei stor problemstilling for Stryn kommune - meir sporadisk. Eg meiner at vi kan ikkje ha planar for alt og har lært at vi også må takle hendingar uansett når uønska hendingar oppstår. Ei løysing vi kan vurdere er å lage eit tiltakskort i kommunen sin beredskapsplan.

Spørsmål frå representanten Inge Fænn (H)

Fænn er leiar i Rådet for eldre og personr med nedsett funksjonsevne. Ein av sakene dei har jobba med er trafikale forhold i miljøgata i Stryn sentrum. Det har gått altfor lang tid utan at dette er ordna opp i. Etter kvart er det avklart at det er fylkeskommunen som har ansvar for dei fleste av tiltaka.

- Gangfelt der det er skrått når ein skal gå over
- Dårlige lysforhold
- Merke opp gangfelt, mange av desse er slitne vekk.

Svar frå kommunedirektøren:

- Gangfelt der det er skrått når ein skal gå over- så langt ikkje i fylkeskommunen sitt budsjett
- Dårlige lysforhold - dette har fylkeskommunen no teke inn i sitt budsjett og tiltaket skal gjennomførast
- Merke opp gangfelt, mange av desse er slitne vekk - tiltak på gang, ventar på rett utstyr for oppmerking.

KS- 035/26 Vedtak:

Referatsaker vert teke til vitande.

036/26: Igangsetjing av anbod – konsulentteneste for utgreiing av barnehage- og skulestruktur

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stryn kommune set i gang anbodsrunde for kjøp av konsulenttenester knytt til innhenting, utgreiing og analyse av faktagrunnlag for barnehage- og skulestruktur.
2. Kostnadsramme for oppdraget blir sett til inntil kr 1 300 000. Kostnaden og finansieringa av den vil bli teken med som budsjettjustering til kommunestyret sommaren 2026.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre anbod og inngå avtale innanfor vedteken ramme.

Utval for oppvekst 04.06.2026:

Handsaming:

Tilleggs punkt, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre

4. Dette må rapporten innehalde:

- o Samla analyse av tal- og faktagrunnlag (demografi, elevtal og kapasitet)
- o Analyse av dagens barnehage- og skulestruktur
- o Vurdering av framtidig behov og utvikling
- o Vurdering av ulike alternativ for framtidig skulebruksplan og eventuell barnehagestruktur
- o Vurdering av bygningsmasse (tilstand, kapasitet og oppgraderingsbehov no/framover)
- o Kostnads- og lønnssemdivurderingar ved ulike alternativ, til dømes:
 - ☐ samanslåing og/eller utbygging
 - ☐ etablering av nye einingar (t.d. større skular)
 - ☐ Eit null alternativ (dagens løysing), kva skjer om vi ikkje gjer noko
- o Samla vurdering av konsekvensar (økonomi, drift, kvalitet, reiseveg/tid og samfunnsutvikling)
- o Historiske tall bakover meir enn fem år.

Ellen Hilde Hauge (H) fremja følgjande tilleggspkt.:

4. Dette må rapporten innehalde:

- o Samla analyse av tal- og faktagrunnlag (demografi, elevtal og kapasitet)
- o Analyse av dagens barnehage- og skulestruktur
- o Vurdering av framtidig behov og utvikling
- o Vurdering av ulike alternativ for framtidig skulebruksplan og eventuell barnehagestruktur
- o Vurdering av bygningsmasse (tilstand, kapasitet og oppgraderingsbehov no/framover)
- o Kostnads- og lønnssemdivurderingar ved ulike alternativ, til dømes:
 - samanslåing og/eller utbygging
 - etablering av nye einingar (t.d. større skular)
 - Eit null alternativ (dagens løysing), kva skjer om vi ikkje gjer noko
- o Samla vurdering av konsekvensar (økonomi, drift, kvalitet, reiseveg/tid og samfunnsutvikling)
- o Historiske tall bakover meir enn fem år.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med tilleggspkt. frå Ellen Hilde Hauge vert samrøystes tilrådd.

UOP- 016/26 Vedtak:

1. Stryn kommune set i gang anbudsrunde for kjøp av konsulenttenester knytt til innhenting, utgreiing og analyse av faktagrunnlag for barnehage- og skulestruktur.
2. Kostnadsramme for oppdraget blir sett til inntil kr 1 300 000. Kostnaden og finansieringa av den vil bli teken med som budsjettjustering til kommunestyret sommaren 2026.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre anbod og inngå avtale innanfor vedteken ramme.

Tileggspkt.:

4. Dette må rapporten innehalde:

- o Samla analyse av tal- og faktagrunnlag (demografi, elevtal og kapasitet)
- o Analyse av dagens barnehage- og skulestruktur
- o Vurdering av framtidig behov og utvikling
- o Vurdering av ulike alternativ for framtidig skulebruksplan og eventuell barnehagestruktur
- o Vurdering av bygningsmasse (tilstand, kapasitet og oppgraderingsbehov no/framover)
- o Kostnads- og lønnssemdivurderingar ved ulike alternativ, til dømes:
 - samanslåing og/eller utbygging
 - etablering av nye einingar (t.d. større skular)
 - Eit null alternativ (dagens løysing), kva skjer om vi ikkje gjer noko
- o Samla vurdering av konsekvensar (økonomi, drift, kvalitet, reiseveg/tid og samfunnsutvikling)
- o Historiske tall bakover meir enn fem år.

Finansutvalet 11.06.2026:

Handsaming:

Økonomisjef Eivind Hopland orienterte i saka

FIU- 015/26 Vedtak:

Sak om igangsetting av anbod-konsulentteneste for utgreiing av barnehage-og skulestruktur vert teke til vitande.

Formannskapet 11.06.2026:

Handsaming:

Tilleggspunkt 4, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre

4. Dette må rapporten innehalde:

- o Samla analyse av tal- og faktagrunnlag (demografi, elevtal og kapasitet)
- o Analyse av dagens barnehage- og skulestruktur
- o Vurdering av framtidig behov og utvikling
- o Vurdering av ulike alternativ for framtidig skulebruksplan og eventuell barnehagestruktur
- o Vurdering av bygningsmasse (tilstand, kapasitet og oppgraderingsbehov no/framover)
- o Kostnads- og lønnsbedømmingar ved ulike alternativ, til dømes:
 - *samanslåing og/eller utbygging
 - *etablering av nye einingar (t.d. større skular)
 - *Eit null alternativ (dagens løysing), kva skjer om vi ikkje gjer noko
- o Samla vurdering av konsekvensar (økonomi, drift, kvalitet, reiseveg/tid og samfunnsutvikling)
- o Historiske tall bakover meir enn fem år.

Framlegg frå utval for oppvekst samrøystes tilrådd.

FO- 078/26 Vedtak:

1. Stryn kommune set i gang anbudsrunde for kjøp av konsulenttenester knytt til innhenting, utgreiing og analyse av faktagrunnlag for barnehage- og skulestruktur.
2. Kostnadsramme for oppdraget blir sett til inntil kr 1 300 000. Kostnaden og finansieringa av den vil bli teken med som budsjettjustering til kommunestyret sommaren 2026.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre anbod og inngå avtale innanfor vedteken ramme.
4. Dette må rapporten innehalde:
 - o Samla analyse av tal- og faktagrunnlag (demografi, elevtal og kapasitet)
 - o Analyse av dagens barnehage- og skulestruktur
 - o Vurdering av framtidig behov og utvikling
 - o Vurdering av ulike alternativ for framtidig skulebruksplan og eventuell barnehagestruktur
 - o Vurdering av bygningsmasse (tilstand, kapasitet og oppgraderingsbehov no/framover)
 - o Kostnads- og lønnsbedømmingar ved ulike alternativ, til dømes:
 - *samanslåing og/eller utbygging
 - *etablering av nye einingar (t.d. større skular)
 - *Eit null alternativ (dagens løysing), kva skjer om vi ikkje gjer noko
 - o Samla vurdering av konsekvensar (økonomi, drift, kvalitet, reiseveg/tid og samfunnsutvikling)
 - o Historiske tall bakover meir enn fem år.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 036/26 Vedtak:

. Stryn kommune set i gang anbudsrunde for kjøp av konsulenttenester knytt til innhenting, utgreiing og analyse av faktagrunnlag for barnehage- og skulestruktur.

2. Kostnadsramme for oppdraget blir sett til inntil kr 1 300 000. Kostnaden og finansieringa av den vil bli teken med som budsjettjustering til kommunestyret sommaren 2026.

3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre anbod og inngå avtale innanfor vedteken ramme.

4. Dette må rapporten innehalde:

- o Samla analyse av tal- og faktagrunnlag (demografi, elevtal og kapasitet)

- o Analyse av dagens barnehage- og skulestruktur

- o Vurdering av framtidig behov og utvikling

- o Vurdering av ulike alternativ for framtidig skulebruksplan og eventuell barnehagestruktur

- o Vurdering av bygningsmasse (tilstand, kapasitet og oppgraderingsbehov no/framover)

- o Kostnads- og lønnssemdivurderingar ved ulike alternativ, til dømes:

- *samanslåing og/eller utbygging

- *etablering av nye einingar (t.d. større skular)

- *Eit null alternativ (dagens løysing), kva skjer om vi ikkje gjer noko

- o Samla vurdering av konsekvensar (økonomi, drift, kvalitet, reiseveg/tid og samfunnsutvikling)

- o Historiske tall bakover meir enn fem år.

037/26: Høyringssvar forslag til ny heimel for pålagt opplæring utanfor elevens gruppe

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Stryn kommune ikkje støttar forslaget om ny heimel i opplæringslova for pålagt opplæring utanfor elevens gruppe.

Utval for oppvekst 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert samrøystes tilrådd.

UOP- 017/26 Vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Stryn kommune ikkje støttar forslaget om ny heimel i opplæringslova for pålagt opplæring utanfor elevens gruppe.

Formannskapet 11.06.2026:

Handsaming:

Kommunalsjef oppvekst Ingrid Sylvia Renberg orienterte i saka.

Framlegg frå Utval for helse og sosial samrøystes tilrådd.

FO- 079/26 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Stryn kommune ikkje støttar forslaget om ny heimel i opplæringslova for pålagt opplæring utanfor elevens gruppe.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 037/26 Vedtak:

Stryn kommune ikkje støttar forslaget om ny heimel i opplæringslova for pålagt opplæring utanfor elevens gruppe.

038/26: Bustadpolitisk handlingsplan 2026–2034 – Stryn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 04.05.2026:

Handsaming:

Rådet ønskjer å kome med slik uttale:

Viser til formålet med bustadpolitisk handlingsplan og berekraftig omstilling.

Det er viktig at ein brukar rett omgrep om rett bustad, og at kommunen legg til rette for bustadar som gjer at eldre kan bu heime lenger, og at ein stimulerar til tilflytting til kommunen.

Kommunen må legge til rette for bustadar der folk kan velje om ein vil kjøpe eller leige.

Kommunen må vere dørøpnar for Husbanken og bindeledd til utbyggjarane.

Rådet ønskjer at Stryn kommune må satse på bustadbygging i områder som har gåavstand til sentrum. Ønskjer at kommunen skal initiere sameige/burettslag med fellesfunksjonar som fordeler utgifter på fleire. Dette kan få ned lånekostnader for dei som skal bu der.

Administrasjonen må sjå den bustadpolitiske planen og planen for helse i samanheng.

Kommunedirektøren sitt framlegg med tillegg frå Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne samrøystes tilrådd.

REF- 010/26 Vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne viser til formålet med bustadpolitisk handlingsplan og berekraftig omstilling.

Det er viktig at ein brukar rett omgrep om rett bustad, og at kommunen legg til rette for bustadar

som gjer at eldre kan bu heime lenger, og at ein stimulerar til tilflytting til kommunen. Kommunen må legge til rette for bustadar der folk kan velje om ein vil kjøpe eller leige. Kommunen må vere dørøpnar for Husbanken og bindeledd til utbyggjarane. Rådet ønskjer at Stryn kommune må satse på bustadbygging i områder som har gåavstand til sentrum. Ønskjer at kommunen skal initiere sameige/burettslag med fellesfunksjonar som fordelar utgifter på fleire. Dette kan få ned lånekostnader for dei som skal bu der. Administrasjonen må sjå den bustadpolitiske planen og planen for helse i samanheng.

Inkluderingsutvalet 05.05.2026:

Handsaming:

Prioritere, foreslått av Torstein Tvinnereim, VenstreVenstreVenstre

Det vil vere viktig å prioritere at familiar kan bli buande i kommunen. Dette kan vere ved å ha eit fond som hjelper familiar til kome innanfor og etterkvart få lån i Husbanken. Inkluderingsutvalet oppfordrar til at kommunen hjelper familiar til å kunne få etablert seg i kommunen så langt som råd er.

Randi Lillestøl gjekk gjennom endringar sidan sist.

-Det er lagt opp til at ein kan bygge boligar der bukostnadane er overkommelege. Det er bra.

- Sosiale soner er viktig for god inkludering.

-Viktig å legge til rette for at flyktingar også kan bu utanfor Stryn sentrum.

- Viktig å gå i frå plan til handling. Starte søknad til Husbanken.

Torstein Tvinnereim (V) kom med slik tilleggsframlegg:

Det vil vere viktig å prioritere at familiar kan bli buande i kommunen. Dette kan vere ved å ha eit fond som hjelper familiar til kome innanfor og etterkvart få lån i Husbanken. Inkluderingsutvalet oppfordrar til at kommunen hjelper familiar til å kunne få etablert seg i kommunen så langt som råd er.

Kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg frå Torstein Tvinnereim vart samrøystes tilrådd.

IU- 009/26 Vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.

2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

Det vil vere viktig å prioritere at familiar kan bli buande i kommunen. Dette kan vere ved å ha eit fond som hjelper familiar til kome innanfor og etterkvart få lån i Husbanken. Inkluderingsutvalet oppfordrar til at kommunen hjelper familiar til å kunne få etablert seg i kommunen så langt som råd er.

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UHS- 015/26 Vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

Utval for oppvekst 05.05.2026:**Handsaming:**

I samband med saka peika Anders Hamre Sveen (Raudt) på utfordringar knytt til korttidsutleige og ønskte kartlegging av ledige bustader, hus og tomter som står ubrukte. Kommunalsjef tek dette vidare til samfunnsavdelinga.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UOP- 009/26 Vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

Utval for samfunnsutvikling 05.05.2026:**Handsaming:**

Presentasjon av Bustadpolitikk handlingsplan, foreslått av Arnljot Sæternes, Høgre

Det er behov for ein presentasjon av handlingsplan i kommunestyret med høve til å stille spørsmål kva konsekvenser planen vil få. Legges opp til at spørsmål/innspel vert sendt inn i forkant.

Det kom følgjande framlegg frå Arnljot Sæternes (H):

Det er behov for ein presentasjon av handlingsplan i kommunestyret med høve til å stille spørsmål kva konsekvenser planen vil få. Oppmodar om at spørsmål/innspel vert sendt inn i forkant.

Framlegget frå Sæternes vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd med tilleggsmerknad frå utval for samfunnsutvikling.

USA- 023/26 Vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

Det er behov for ein presentasjon av handlingsplan i kommunestyret med høve til å stille spørsmål kva konsekvenser planen vil få. Oppmodar om at spørsmål/innspel vert sendt inn i forkant

Formannskapet 11.06.2026:

Handsaming:

Tilleggspunkt, foreslått av Ellen Hilde Hauge, Høgre

Stryn kommune skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen. Kommunen skal gjennom planlegging, tilrettelegging og samarbeid med private aktørar arbeide for at det finst attraktive bustadalternativ både i sentrumsområda og i bygdene, slik at innbyggjarar kan busetje seg der dei ønskjer og lokalsamfunna kan utviklast vidare.

Nytt samordna punkt, foreslått av Haldor Andre Lungård Hove, ArbeiderpartietArbeiderpartiet

Nytt samordna punkt – bustadutvikling i heile kommunen

1. Prinsipp:

Stryn kommune skal føre ein aktiv bustadpolitikk som legg til rette for bustadutvikling i heile kommunen. Det skal vere mogleg å busetje seg både i sentrumsområda, bygdene og grendene, slik at innbyggjarar kan velje bustad etter livssituasjon og ønskje, og slik at lokalsamfunna får grunnlag for vidare utvikling, folketalsvekst og lys i husa.

2. Oppfølging:

Kommunen skal gjennom planlegging, tilrettelegging, aktiv arealpolitikk og samarbeid med private aktørar arbeide for tilgang på varierte bustadtypar, byggeklare tomter og bustadfelt i alle delar av kommunen der det er behov og etterspurnad. Dette skal vurderast i samanheng med eksisterande infrastruktur, lokale utviklingsmål, levande bygder og ei balansert utvikling mellom sentrum og grender.

Tillegg til Høgre sitt framlegg, foreslått av Rune Egil Myklebust,

SenterpartietSenterpartietSenterpartiet

Stryn kommune skal være positiv til spreidd busetnad ute i bygdene.

Kommunalsjef helse og sosial Alexander Rande orienterte før handsaming av saka.

Det vart halde grupemøte.

Representanten Haldor Hove (Ap) trekte dette framlegget:

Nytt samordna punkt – bustadutvikling i heile kommunen

1. Prinsipp:Stryn kommune skal føre ein aktiv bustadpolitikk som legg til rette for bustadutvikling i heile kommunen. Det skal vere mogleg å busetje seg både i sentrumsområda, bygdene og grendene, slik at innbyggjarar kan velje bustad etter livssituasjon og ønskje, og slik at lokalsamfunna får grunnlag for vidare utvikling, folketalsvekst og lys i husa.

2. Oppfølging:Kommunen skal gjennom planlegging, tilrettelegging, aktiv arealpolitikk og samarbeid med private aktørar arbeide for tilgang på varierte bustadtypar, byggeklare tomter og bustadfelt i alle delar av kommunen der det er behov og etterspurnad. Dette skal vurderast i samanheng med eksisterande infrastruktur, lokale utviklingsmål, levande bygder og ei balansert utvikling mellom sentrum og grender.

Det vart røysta over framlegg frå representanten Ellen Hilde Hauge (H)

Stryn kommune skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen. Kommunen skal gjennom planlegging, tilrettelegging og samarbeid med private aktørar arbeide for at det finst attraktive bustadalternativ både i sentrumsområda og i bygdene, slik at innbyggjarar kan busetje seg der dei ønskjer og lokalsamfunna kan utviklast vidare.

Samrøystes tilrådd.

Det vart røysta over framlegg frå Silje Skarstein (Sp): *Stryn kommune skal være positiv til spreidd busetnad ute i bygdene.*

Samrøystes tilrådd.

Inkludrigsutvalet og Rådet for eldre har også kome med innspel i saka.

Det vart deretter røysta over framlegg Utval for helse og sosial, Utval for oppvekst og Utval for samfunnsutvikling med formannskapet sitt vedtekne tillegg.

Samrøystes tilrådd.

FO- 075/26 Vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett

Tillegg:

- Stryn kommune skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen. Kommunen skal gjennom planlegging, tilrettelegging og samarbeid med private aktørar arbeide for at det finst attraktive bustadalternativ både i sentrumsområda og i bygdene, slik at innbyggjarar kan busetje seg der dei ønskjer og lokalsamfunna kan utviklast vidare.
- Stryn kommune skal være positiv til spreidd busetnad ute i bygdene

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Tilleggsframlegg Vedtak om konkret tiltak Utgreiing av nytt kommunalt handlingsrom når det gjeld korttidsutleige, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

Med utgangspunkt i følgjande formulering i Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune:

"Mange bustadar blir nytta til korttidsutleige, og dette forsterkar mangelen på langtidsleigebustadar." og det nylege stortingsfleirtalet sitt vedtak om å gje kommunar økt mogelegheit til å regulere korttidsutleige, skal Stryn kommune utgreie om kommunen med det nye stortingsvedtaket no har myndigheit til å utføre:

- * registreringsplikt for korttidsutleige
- * regulering av omfanget av korttidsutleige i ulike geografiske område i kommunen
- * maksimaltak på kor mange sekundærbustadar ein einskildperson kan nytte til korttidsutleige

Utgreie moglegheita for eit fond i kommunal regi, foreslått av Torstein Tvinnereim, VenstreVenstreVenstre

Vi ynskjer at administrasjonen gjer ei utgreiing på om det er mogleg å ha eit kommunalt fond der etablerarar kan få naudsynt lån til å kome seg inn på bustadsmarknaden.

Endringsframlegg punkt 3.2.3 Rett plass -Areal plan (endring innleiing), foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre

Bustadpolitikken og arealplanlegginga skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen.

Gjennom planlegging, tilrettelegging og samarbeid med private aktører skal kommunen arbeide for attraktive bustadalternativ både i sentrumsområda og i bygdene. Kommunen skal ha ei positiv haldning til spreidd busetnad der forholda ligg til rette for det, samstundes som omsyn til tryggleik, tenestetilbod, naturverdiar og berekraftig arealbruk blir ivaretekne. Ei slik tilnærming skal bidra til levande lokalsamfunn, styrkje både bulyst og blilyst, og gi innbyggjarane moglegheit til å busetje seg der dei ønskjer gjennom ulike fasar av livet.

Fjerne krav som allereie er presisert i lov og forskrift, foreslått av Stine Fjellkårstad, Senterpartiet

Fjerne krav som allereie er presisert i lov og forskrift, som til dømes krav om livsslaupstandard.

Stryke punkt 1 s. 18., foreslått av Stine Fjellkårstad, Senterpartiet

Stryke "Sårbare grupper har behov for bustadar nær tenester og aktivitetar – t.d. eldre, personar med funksjonsnedsetting, barnefamilier"

Kommunalsjef samfunnsutvikling orienerte før handsaming av saka.

Represetanten Ellen Hilde Hauge (H) hadde fått permisjon. Vara: Jan Erik Sanbakk (H)

Representanten Silje Skarstein (Sp) bad om gruppmøte.

Det vart halde gruppemøte.

Representanten Silje Skarstein (Sp) bad om nytt gruppmøte.

Det vart stadfesta frå kommunedirektøren at planen vil bli lagt fram på nytt etter at dei vedtekne endringane er innarbeidd.

Det vart røysta over framlegg frå representanten Anders Hamre Sveen (R).

Med utgangspunkt i følgjande formulering i Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune:

"Mange bustadar blir nytta til korttidsutleige, og dette forsterkar

mangelen på langtidsleigebustadar." og det nylege stortingsfleirtalet sitt vedtak om å gje kommunar økt mogelegheit til å regulere korttidsutleige, skal Stryn kommune utgreie om kommunen med det nye stortingsvedtaket no har myndigheit til å utføre:

** registreringsplikt for korttidsutleige*

** regulering av omfanget av korttidsutleige i ulike geografiske område i kommunen*

** maksimaltak på kor mange sekundærbustadar ein einskildperson kan nytte til korttidsutleige*

Framlegget fekk 4 røyster og fall

Det vart røysta over framlegg frå representanten Torstein Tvinnereim (V)

Vi ynskjer at administrasjonen gjer ei utgreing på om det er mogleg å ha eit kommunalt fond der etablerarar kan få naudsynt lån til å kome seg inn på bustadsmarknaden.

Framlegget fekk 15 røyster og vart vedteke.

Det vart røysta over framlegget frå representanten Ellen Hilde Hauge (H)

Endringsframlegg pkt 3.2.3 Rett plass

Bustadpolitikken og arealplanlegginga skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen.

Gjennom planlegging, tilrettelegging og samarbeid med private aktører skal kommunen arbeide for attraktive bustadalternativ både i sentrumsområda og i bygdene. Kommunen skal ha ei positiv haldning til spreidd busetnad der forholda ligg til rette for det, samstundes som omsyn til tryggleik, tenestetilbod, naturverdiar og berekraftig arealbruk blir ivaretekne. Ei slik tilnærming skal bidra til levande lokalsamfunn, styrkje både bulyst og blilyst, og gi innbyggjarane moglegheit til å busetje seg der dei ønskjer gjennom ulike fasar av livet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegg frå representanten Stine Fjellkårstad (Sp)

Fjerne krav som allereie er presisert i lov og forskrift, som til dømes krav om livsslaupstandard.

Framlegget fekk 19 røyster og vart vedteke.

Det vart røysta over framlegg frå representanten Stine Fjellkårstad (Sp)

Stryke punkt 1 side18 "Sårbare grupper har behov for bustadar nær tenester og aktivitetar – t.d. eldre, personar med funksjonsnedsetting, barnefamiljar"
Framlegget fekk 1 røyst og fall.

Når dei vedtekne endringane er innarbeida i planen, skal planen leggast fram for kommunestyret for ny handsaming

KS- 038/26 Vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett

Tillegg:

- Stryn kommune skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen. Kommunen skal gjennom planlegging, tilrettelegging og samarbeid med private aktørar arbeide for at det finst attraktive bustadalternativ både i sentrumsområda og i bygdene, slik at innbyggjarar kan busetje seg der dei ønskjer og lokalsamfunna kan utviklast vidare.
- Stryn kommune skal være positiv til spreidd busetnad ute i bygdene

pkt 3.2.3 Rett plass

Bustadpolitikken og arealplanlegginga skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen. Gjennom planlegging, tilrettelegging og samarbeid med private aktørar skal kommunen arbeide for attraktive bustadalternativ både i sentrumsområda og i bygdene. Kommunen skal ha ei positiv haldning til spreidd busetnad der forholda ligg til rette for det, samstundes som omsyn til tryggleik, tenestetilbod, naturverdiar og berekraftig arealbruk blir ivaretekne. Ei slik tilnærming skal bidra til levande lokalsamfunn, styrkje både bulyst og blilyst, og gi innbyggjarane moglegheit til å busetje seg der dei ønskjer gjennom ulike fasar av livet.

Vi ynskjer at administrasjonen gjer ei utgreing på om det er mogleg å ha eit kommunalt fond der etablerarar kan få naudsynt lån til å kome seg inn på bustadsmarknaden.

Fjerne krav som allereie er presisert i lov og forskrift, som til dømes krav om livsslaupstandard. Etter at dei vedekne tiltaka er innarbeida i planen, skal planen leggast fram for kommunestyret for ny handsaming.

039/26: Tilstandsrapport for barnevernet 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapporten for barneverntenesta 2025 blir teke til vitande.

Utval for helse og sosial 04.06.2026:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UHS- 027/26 Vedtak:

Tilstandsrapporten for barneverntenesta 2025 blir teke til vitande.

Utval for oppvekst 04.06.2026:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UOP- 020/26 Vedtak:

Tilstandsrapporten for barneverntenesta 2025 blir teke til vitande.

Kommunestyret 16.06.2026:**Handsaming:**

Barnevernleiar Rita Stølen Veamyr orienterte før handsaming av saka.

Framlegg frå utval for helse og sosial og utval for oppvekst samrøystes vedteke.

KS- 039/26 Vedtak:

Tilstandsrapporten for barneverntenesta 2025 blir teke til vitande.

040/26: Stryn omsorg 2045 - omsorgsbygg i Stryn kommune**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Stryn kommunestyre tek utgreiinga «Omsorgsbygg Stryn kommune – fase 1 og 2» til orientering.
2. Kommunestyret sluttar seg til hovudretninga i utgreiinga, og legg forslag 2 til grunn for vidare utvikling av omsorgsstruktur og omsorgsbygg i Stryn kommune.
3. Kommunestyret legg til grunn at vidare arbeid skal gå over i fase 3 (skisseprosjekt), med

sikte på å konkretisere løysingar, byggetrinn og framdrift for prosjektet.

Resultatet frå skisseprosjektet skal leggjast fram for politisk behandling før det vert teke stilling til vidare gjennomføring.

4. Kommunestyret legg til grunn at arealet der Tonning barnehage ligg i dag på sikt vert nytta til omsorgsformål.

Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei utgreiing av barnehagebehovet i Stryn sentrum, som grunnlag for vidare handtering av Tonning barnehage og framdrift i omsorgsprosjektet. Som del av dette arbeidet bør det òg vurderast behov for ei meir heilskapleg gjennomgang av barnehagestrukturen i kommunen.

Arbeidet med barnehagestrukturen skal gjennomførast som eiga sak, skilt frå omsorgsprosjektet.

Utval for helse og sosial 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UHS- 026/26 Vedtak:

1. Stryn kommunestyre tek utgreiinga «Omsorgsbygg Stryn kommune – fase 1 og 2» til orientering.
2. Kommunestyret sluttar seg til hovudretninga i utgreiinga, og legg forslag 2 til grunn for vidare utvikling av omsorgsstruktur og omsorgsbygg i Stryn kommune.
3. Kommunestyret legg til grunn at vidare arbeid skal gå over i fase 3 (skisseprosjekt), med sikte på å konkretisere løysingar, byggetrinn og framdrift for prosjektet.

Resultatet frå skisseprosjektet skal leggjast fram for politisk behandling før det vert teke stilling til vidare gjennomføring.

4. Kommunestyret legg til grunn at arealet der Tonning barnehage ligg i dag på sikt vert nytta til omsorgsformål.

Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei utgreiing av barnehagebehovet i Stryn sentrum, som grunnlag for vidare handtering av Tonning barnehage og framdrift i omsorgsprosjektet. Som del av dette arbeidet bør det òg vurderast behov for ei meir heilskapleg gjennomgang av barnehagestrukturen i kommunen.

Arbeidet med barnehagestrukturen skal gjennomførast som eiga sak, skilt frå omsorgsprosjektet.

Utval for oppvekst 04.06.2026:

Handsaming:

Endringsframlegg Stryke eit punkt, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

Strykningsframlegg:

Punktet «Kommunestyret legg til grunn at arealet der Tonning barnehage ligg i dag på sikt vert nytta til omsorgsformål» vert stroke.

Tilleggsframlegg Involvering og medverknad for tilsette og tillitsvalde, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

Det leggjast til følgjande punkt:

"Tilsette og tillitsvalde innan både oppvekstsektoren og dei kommunale helse- og sosialtenestene skal involverast og få medverke i alle eventuelle framtidige omstillingsprosessar."

Anders Hamre Sveen (R) kom med følgjande strykningsframlegg:

Punktet «Kommunestyret legg til grunn at arealet der Tonning barnehage ligg i dag på sikt vert nytta til omsorgsformål» vert stroke.

Det vart røysta over framlegget. Det fekk 1 røyst og fall.

Anders Hamre Sveen (R) og Anita Linda Pettersen Almskår (AP) kom med følgjande tilleggsframlegg:

"Tilsette og tillitsvalde innan både oppvekstsektoren og dei kommunale helse- og sosialtenestene skal involverast og få medverke i alle eventuelle framtidige omstillingsprosessar."

Det vart røysta over framlegget. Det fekk 2 røyster og fall.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes tilrådd.

UOP- 019/26 Vedtak:

1. Stryn kommunestyre tek utgreiinga «Omsorgsbygg Stryn kommune – fase 1 og 2» til orientering.
2. Kommunestyret sluttar seg til hovudretninga i utgreiinga, og legg forslag 2 til grunn for vidare utvikling av omsorgsstruktur og omsorgsbygg i Stryn kommune.
3. Kommunestyret legg til grunn at vidare arbeid skal gå over i fase 3 (skisseprosjekt), med sikte på å konkretisere løysingar, byggetrinn og framdrift for prosjektet.

Resultatet frå skisseprosjektet skal leggjast fram for politisk behandling før det vert teke stilling til vidare gjennomføring.

4. Kommunestyret legg til grunn at arealet der Tonning barnehage ligg i dag på sikt vert nytta til omsorgsformål.

Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei utgreiing av barnehagebehovet i Stryn sentrum, som grunnlag for vidare handtering av Tonning barnehage og framdrift i omsorgsprosjektet. Som del av dette arbeidet bør det òg vurderast behov for ei meir heilskapleg gjennomgang av barnehagestrukturen i kommunen.

Arbeidet med barnehagestrukturen skal gjennomførast som eiga sak, skilt frå omsorgsprosjektet.

Utval for samfunnsutvikling 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart stemt over punktvis.

Punkt 1: Samrøystes tilrådd

Punkt 2: Tilrådd 5 mot 2 stemmer (SP)

Punkt 3: Tilrådd 5 mot 2 stemmer (SP)

Punkt 4: Tilrådd 5 mot 2 stemmer (SP)

USA- 033/26 Vedtak:

1. Stryn kommunestyre tek utgreiinga «Omsorgsbygg Stryn kommune – fase 1 og 2» til orientering.
2. Kommunestyret sluttar seg til hovudretninga i utgreiinga, og legg forslag 2 til grunn for vidare utvikling av omsorgsstruktur og omsorgsbygg i Stryn kommune.
3. Kommunestyret legg til grunn at vidare arbeid skal gå over i fase 3 (skisseprosjekt), med sikte på å konkretisere løysingar, byggetrinn og framdrift for prosjektet.

Resultatet frå skisseprosjektet skal leggjast fram for politisk behandling før det vert teke stilling til vidare gjennomføring.

4. Kommunestyret legg til grunn at arealet der Tonning barnehage ligg i dag på sikt vert nytta til omsorgsformål.

Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei utgreiing av barnehagebehovet i Stryn sentrum, som grunnlag for vidare handtering av Tonning barnehage og framdrift i omsorgsprosjektet. Som del av dette arbeidet bør det òg vurderast behov for ei meir heilskapleg gjennomgang av barnehagestrukturen i kommunen.

Arbeidet med barnehagestrukturen skal gjennomførast som eiga sak, skilt frå omsorgsprosjektet.

Formannskapet 11.06.2026:

Handsaming:

Framlegg frå Utval for helse og sosial, Utval for oppvekst og Utval for samfunnsutvikling samrøystes tilrådd.

FO- 076/26 Vedtak:

1. Stryn kommunestyre tek utgreiinga «Omsorgsbygg Stryn kommune – fase 1 og 2» til orientering.
2. Kommunestyret sluttar seg til hovudretninga i utgreiinga, og legg forslag 2 til grunn for vidare utvikling av omsorgsstruktur og omsorgsbygg i Stryn kommune.
3. Kommunestyret legg til grunn at vidare arbeid skal gå over i fase 3 (skisseprosjekt), med sikte på å konkretisere løysingar, byggetrinn og framdrift for prosjektet. Resultatet frå skisseprosjektet skal leggjast fram for politisk behandling før det vert teke stilling til vidare gjennomføring.
4. Kommunestyret legg til grunn at arealet der Tonning barnehage ligg i dag på sikt vert nytta til omsorgsformål.

Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei utgreiing av barnehagebehovet i Stryn sentrum, som grunnlag for vidare handtering av Tonning barnehage og framdrift i omsorgsprosjektet. Som del av dette arbeidet bør det òg vurderast behov for ei meir heilskapleg gjennomgang av barnehagestrukturen i kommunen.

Arbeidet med barnehagestrukturen skal gjennomførast som eiga sak, skilt frå omsorgsprosjektet.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Strykningsframlegg frå Raudt Stryn, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt Punktet «Kommunestyret legg til grunn at arealet der Tonning barnehage ligg i dag, på sikt vert nytta til omsorgsformål», blir stroke.

Tilleggsframlegg frå Raudt Stryn, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt
Legg til følgjande punkt:

"Tilsette og tillitsvalde innan både oppvekstsektoren, og dei kommunale helse- og sosialtenestene, skal involverast og få medverke i alle eventuelle framtidige omstillingsprosessar."

Vedtatt verbalforslag frå arbeiderpartiet 12. desember 2023., foreslått av Anita Linda Pettersen Almskår, ArbeiderpartietArbeiderpartiet

Ta med verbalforslaget frå Arbeiderpartiet, einstemmig vedtatt i Kommunestyret den 12. desember 2023 i utgreiing Stryn Omsorg 2025.

Før handsaming av saka orienterte representantar frå Nordplan og HRP. Presentasjonen ligg som vedlegg til denne saka.

Representanten Anders Hamre Sveen (R) fremja følgjande framlegg

1) «Kommunestyret legg til grunn at arealet der Tonning barnehage ligg i dag, på sikt vert nytta til omsorgsformål», blir stroke.

Det vart røysta over framlegget. Framlegget fekk 1 røyst og fall

2)"Tilsette og tillitsvalde innan både oppvekstsektoren, og dei kommunale helse- og sosialtenestene, skal involverast og få medverke i alle eventuelle framtidige omstillingsprosessar."

Det vart røysta over framlegget. Framlegget fekk 3 røyster og fall

Det vart røysta over formannskapet sitt framlegg. Samrøystes vedteke

KS- 040/26 Vedtak:

1. Stryn kommunestyre tek utgreiinga «Omsorgsbygg Stryn kommune – fase 1 og 2» til orientering.
2. Kommunestyret sluttar seg til hovudretninga i utgreiinga, og legg forslag 2 til grunn for vidare utvikling av omsorgsstruktur og omsorgsbygg i Stryn kommune.
3. Kommunestyret legg til grunn at vidare arbeid skal gå over i fase 3 (skisseprosjekt), med sikte på å konkretisere løysingar, byggetrinn og framdrift for prosjektet.

Resultatet frå skisseprosjektet skal leggjast fram for politisk behandling før det vert teke stilling til vidare gjennomføring.

4. Kommunestyret legg til grunn at arealet der Tonning barnehage ligg i dag på sikt vert nytta til omsorgsformål.

Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei utgreiing av barnehagebehovet i Stryn sentrum, som grunnlag for vidare handtering av Tonning barnehage og framdrift i omsorgsprosjektet. Som del av dette arbeidet bør det òg vurderast behov for ei meir heilskapleg gjennomgang av barnehagestrukturen i kommunen.

Arbeidet med barnehagestrukturen skal gjennomførast som eiga sak, skilt frå omsorgsprosjektet.

041/26: Salg av Rand skule og barnehage

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune godkjenner sal av eigedom gnr. 167 bnr. 21 (Rand skule og barnehage) til Rand Grendahus SA for kr 1 000, på dei vilkår som går fram av vedlagt avtale.

Formannskapet 11.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

FO- 092/26 Vedtak:

Stryn kommune godkjenner sal av eigedom gnr. 167 bnr. 21 (Rand skule og barnehage) til Rand Grendahus SA for kr 1 000, på dei vilkår som går fram av vedlagt avtale.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Vedlikehaldsetterslep, foreslått av Torstein Tvinnereim, Venstre

Det er eit stort vedlikehaldsetterslep på bygningane.

Sidan Stryn kommune no sel bygget til bygda og på den måten sparer seg for vedlikehaldsutgifter, vil PL Rand Grendahus bli tilgodesett med vedlikehaldsutgiftene som Stryn kommune i gjennomsnitt ville hatt. For 2026 vil dette vere rundt 400.000 kr. Dette til bruk for å gjere naudsynt vedlikehald. PL Rand Grendahus er sjølv ansvarleg for å prioritere bruk av pengane og kva vedlikehald midlane skal prioriterast til. Midlane vil bli henta frå redusert vedlikehaldsutgifter til kommunale bygg. Beløpet er eit eingongsutbetaling.

Representanten Silje Skarstein (Sp) fekk permisjon frå møtet. Det var 24 røysteføre.

Det vart halde gruppemøte.

Det vart røysta over framlegg frå representanten Torstein Tvinnereim (V).

Det er eit stort vedlikehaldsetterslep på bygningane.

Sidan Stryn kommune no sel bygget til bygda og på den måten sparer seg for vedlikehaldsutgifter, vil PL Rand Grendahus bli tilgodesett med vedlikehaldsutgiftene som Stryn kommune i gjennomsnitt ville hatt. For 2026 vil dette vere rundt 400.000 kr. Dette til bruk for å gjere naudsynt vedlikehald. PL Rand Grendahus er sjølv ansvarleg for å prioritere bruk av pengane og kva vedlikehald midlane skal prioriterast til. Midlane vil bli henta frå redusert vedlikehaldsutgifter til kommunale bygg. Beløpet er eit eingongsutbetaling.

Framlegget fekk 5 røyster og fall.

KS- 041/26 Vedtak:

Stryn kommune godkjenner sal av eigedom gnr. 167 bnr. 21 (Rand skule og barnehage) til Rand Grendahus SA for kr 1 000, på dei vilkår som går fram av vedlagt avtale.

042/26: Høyring forskrift om cruiseavgift

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune sluttar seg til Regionrådet sine vurderingar og støttar opp om synspunkta i uttalen.

Eventuell søknad om innføring av cruiseavgift vert å kome tilbake til i eiga sak.

Utval for samfunnsutvikling 04.06.2026:

Handsaming:

Habiliteten til Arnljot Sæternes vart vurdert sidan han sit i styret i Nordfjord Hamn og han vart kjend habil.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

USA- 029/26 Vedtak:

Stryn kommune sluttar seg til Regionrådet sine vurderingar og støttar opp om synspunkta i uttalen.

Eventuell søknad om innføring av cruiseavgift vert å kome tilbake til i eiga sak.

Formannskapet 11.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren orienterte før handsaming av saka.

Framlegg frå utval for samfunnsutvikling samrøystes tilrådd.

FO- 087/26 Vedtak:

Stryn kommune sluttar seg til Regionrådet sine vurderingar og støttar opp om synspunkta i uttalen.

Eventuell søknad om innføring av cruiseavgift vert å kome tilbake til i eiga sak.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Stryn kommune leverer eiga høyringsfråsegn, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

Stryn kommune leverer eiga høyringsfråsegn med følgjande innhald:

"Stryn kommune er positive til mogelegheit til innføring av kommunal cruiseavgift

Stryn kommune stiller seg positive til innføring av cruiseavgift. Regjeringa sitt framlegg er at cruiseavgifta skal liggje på 100 kroner per passasjer for kvart påbegynt døgn cruiseskipet ligg i hamn.

Det er Stryn kommune sitt standpunkt at cruiseavgifta som eit minimum bør liggje på dette nivået.

I likskap med kommunal eigedomsskatt vil ein slik cruiseskatt vere ein frivillig ordning som kommunar vil kunne ta i bruk. Difor bør det ikkje setjast nokon form for avgrensingar for kva slags tiltak ein slik cruiseskatt kan vere med på å medfinansiere.

Stryn kommune er samd med NHO Reiseliv i at eit fast kronebeløp er den beste innretninga på eit slikt besøksbidrag, og er positive til at det òg er det som er framlegget frå regjeringa. Stryn kommune har som føresetnad og forventar at cruiseavgifta kjem i tillegg til eventuelle kaiavgifter og havnevederlag.

Passasjerskip i fast rute mellom norsk og utanlandsk hamn, til dømes ferjer til Danmark, Sverige og Tyskland, skal ha fritak frå avgifta. Dette er positivt. Stryn kommune meiner at rutegåande skip som bind kystsamfunn i Noreg saman ikkje bør behandlast likt med utanlandske cruiseskip, så det er Stryn sitt standpunkt at til dømes Hurtigruten og Havila Kystruten må få fritak frå ein slik cruiseavgift."

Representanten Silje Skarstein (Sp) hadde fått permisjon frå møtet. Det var 24 røysteføre Kommunedirektøren orienterte før handsaming av saka. Peika på at dette er eit høyringsinnspel. Det vart røysta over framlegg frå representanten Anders Hamre Sveen (R)
Stryn kommune leverer eiga høyringsfråsegn med følgjande innhald:

*"Stryn kommune er positive til mogelegheit til innføring av kommunal cruiseavgift
Stryn kommune stiller seg positive til innføring av cruiseavgift. Regjeringa sitt framlegg er at cruiseavgifta skal liggje på 100 kroner per passasjer for kvart påbegynt døgn cruiseskipet ligg i hamn. Det er Stryn kommune sitt standpunkt at cruiseavgifta som eit minimum bør liggje på dette nivået.*

I likskap med kommunal eigedomsskatt vil ein slik cruiseskatt vere ein frivillig ordning som kommunar vil kunne ta i bruk. Difor bør det ikkje setjast nokon form for avgrensingar for kva slags tiltak ein slik cruiseskatt kan vere med på å medfinansiere.

Stryn kommune er samd med NHO Reiseliv i at eit fast kronebeløp er den beste innretninga på eit slikt besøksbidrag, og er positive til at det òg er det som er framlegget frå regjeringa. Stryn kommune har som føresetnad og forventar at cruiseavgifta kjem i tillegg til eventuelle kaiavgifter og havnevederlag.

Passasjerskip i fast rute mellom norsk og utanlandsk hamn, til dømes ferjer til Danmark, Sverige og Tyskland, skal ha fritak frå avgifta. Dette er positivt. Stryn kommune meiner at rutegåande skip som bind kystsamfunn i Noreg saman ikkje bør behandlast likt med utanlandske cruiseskip, så det er Stryn sitt standpunkt at til dømes Hurtigruten og Havila Kystruten må få fritak frå ein slik cruiseavgift."

Framlegget frå representanten Sveen (R) fekk 1 røyst og fall

Formannskapet sitt framlegg fekk 23 stemmer og vart vedteke.

KS- 042/26 Vedtak:

Stryn kommune sluttar seg til Regionrådet sine vurderingar og støttar opp om synspunkta i uttalen.

Eventuell søknad om innføring av cruiseavgift vert å kome tilbake til i eiga sak.

043/26: Sikringstiltak Sunndøla og Hjelledøla - reparasjon av eksisterande flaumverk

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune stiller garanti for distriktsandelen i prosjektet, dvs. 10 % av totalkostnaden, her 4,25 MNOK eks. mva.

Stryn kommune krev 20.000,- NOK frå kvar interessent/grunneigar, ca. 200.000,- NOK.

Utval for samfunnsutvikling 04.06.2026:

Handsaming:

Utval for samfunnsutvikling oppmodar administrasjonen til å ha forhandlingsmøte med interessentane før saka skal opp i kommunestyret.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

USA- 032/26 Vedtak:

Stryn kommune stiller garanti for distriktsandelen i prosjektet, dvs. 10 % av totalkostnaden, her 4,25 MNOK eks. mva.

Stryn kommune krev 20.000,- NOK frå kvar interessent/grunneigar, ca. 200.000,- NOK.

Formannskapet 11.06.2026:

Handsaming:

Framlegg frå Utval for samfunnsutvikling samrøystes tilrådd

FO- 081/26 Vedtak:

Stryn kommune stiller garanti for distriktsandelen i prosjektet, dvs. 10 % av totalkostnaden, her 4,25 MNOK eks. mva.

Stryn kommune krev 20.000,- NOK frå kvar interessent/grunneigar, ca. 200.000,- NOK.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

sak 043/26, foreslått av Vegard Sindre Bjørlykke, Framstegspartiet

Forslag frå Stryn FrP: Saka blir avslutta utan vidare tiltak med bakgrunn i manglande interesse for økonomisk bidrag av betydning frå grunneigarar/interessentar.

Det var 24 røysteføre. Det vart røysta over framlegg frå representanten Vegard Sindre Bjørlykke (Frp).

Forslag frå Stryn FrP: Saka blir avslutta utan vidare tiltak med bakgrunn i manglande interesse for økonomisk bidrag av betydning frå grunneigarar/interessentar.

Det vart røysta ved at framlegg frå Frp vart sett opp mot formannskapet sitt framlegg sitt framlegg:

Stryn kommune stiller garanti for distriktsandelen i prosjektet, dvs. 10 % av totalkostnaden, her 4,25 MNOK eks. mva.

Stryn kommune krev 20.000,- NOK frå kvar interessent/grunneigar, ca. 200.000,- NOK.

Framlegg frå Frp fekk 2 røyster. Formannskapet sitt framlegg fekk 22 røyster og vart vedteke.

KS- 043/26 Vedtak:

Stryn kommune stiller garanti for distriktsandelen i prosjektet, dvs. 10 % av totalkostnaden, her 4,25 MNOK eks. mva.

Stryn kommune krev 20.000,- NOK frå kvar interessent/grunneigar, ca. 200.000,- NOK.

044/26: Statusrapport - utgreiing av cruisekai nr 2 i Stryn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek saka om status for utgreiing av cruisekai nr. 2 til orientering.

Alternativt vedtak nr 1:

Kommunestyret ber kommunedirektøren arbeide vidare med utgreiing av den landbasserte delen av cruisekai nr 2 der ein også tek omsyn til:

- Kapasitet på landbasserte infrastrukturen, miljøomsyn og lokal tålevne
- Prioritering av cruisegjester frå eigne havner vs eksterne havner.
- Korleis styre og fordele cruisetrafikken på ein berekraftig måte hennysnteke lokale interesser og anna landbassert turisttrafikk.
- Avklaring i forhold til cruiseavgift med mogleg finansiering av fellesgodetiltak.

Alternativt vedtak nr 2:

Kommunestyret ber kommunedirektøren avvente utgreiing av cruisekai nr

2 til ein har vurdert tålevne på mellom anna infrastruktur -

gangveg, veg, VA, landstraum, beredskap inkludert kapasitet helsetenster, natur og miljø, mottakskapasitet på opplevingsanlegg, fellesgode tiltak og innbyggjarundersøkjelse.

Kommunestyret ber også administrasjonen prioritere tiltak knytt til infrastruktur og fellesgoder, samt avklare finansieringsmuligheter -
cruiseavgift, før eventuell videreføring av arbeid med ny cruisekai.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Arnljot Sæternes	Jan Erik Sandbakk	

Formannskapet 11.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren orienterte i saka.

Det vart røysta ved at alternativ 1 og 2 over vart sett opp mot kvarandre. Det var 6 røysteføre grunna forfall frå 1 representant.

Alternativt vedtak nr 1:

Kommunestyret ber kommunedirektøren arbeide vidare med utgreiing av den landbasserte delen av cruisekai nr 2 der ein også tek omsyn til:

- Kapasitet på landbasserte infrastrukturen, miljøomsyn og lokal tålevne
- Prioritering av cruisegjester frå eigne havner vs eksterne havner.
- Korleis styre og fordele cruisetrafikken på ein berekraftig måte hennysnteke lokale interesse r og anna landbassert turisttrafikk.
- Avklaring i forhold til cruiseavgift med mogleg finansiering av fellesgodetiltak.

Ordførar, representant Rune Myklebust (Sp), Ellen Hilde Hauge (H), Haldor Hove (Ap) støtta dette framlegget

Alternativt vedtak nr 2:

Kommunestyret ber kommunedirektøren avvente utgreiing av cruisekai nr 2 til ein har vurdert tålevne på mellom anna infrastruktur - gangveg, veg, VA, landstraum, beredskap inkludert kapasitet helsetenster, natur og miljø, mottakskapasitet på opplevingsanlegg, fellesgode tiltak og innbyggjarundersøkjelse.

Kommunestyret ber også administrasjonen prioritere tiltak knytt til infrastruktur og fellesgoder, samt avklare finansieringsmuligheter -
cruiseavgift, før eventuell videreføring av arbeid med ny cruisekai.

Representantane Janne Elin Alsaker (V) og Silje Skarstein (Sp) støtta dette framlegget

Framlegg 1 frå kommunedirektøren vart tilrådd.

FO- 093/26 Vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren arbeide vidare med utgreiing av den landbasserte delen av cruisekai nr 2 der ein også tek omsyn til:

- Kapasitet på landbasserte infrastrukturen, miljøomsyn og lokal tålevne
- Prioritering av cruisegjester frå egne havner vs eksterne havner.
- Korleis styre og fordele cruisetrafikken på ein berekraftig måte henysnteke lokale interesser og anna landbassert turisttrafikk.
- Avklaring i forhold til cruiseavgift med mogleg finansiering av fellesgodetiltak.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Avente vidare utgreiing, foreslått av Torstein Tinnereim, VenstreVenstreVenstre
Venstre ynskjer å løfte forslag 2 "Avvente vidare utgreiing"

Mykje av grunngevinga ligg i saka.

I tillegg til dette vil det vere viktig å legge arbeid og ressursar i arbeid med infrastruktur og tilrettelegging tilknytt dagens kai, samt der turiststraumen frå cruise går.

Vi må også gjere oss opp ei meining om kor mange cruiseturistar kommunen ynskjer å ta i mot, utifrå tanke med overturisme og at vi har lokalbefolkninga på lag. Det er også ei vesentleg utfordring i forhold til miljø og belastning både lokalt og totalt.

Tilleggssetning, foreslått av Stine Fjellkåstad, SenterpartietSenterpartiet

Korleis styre og fordele cruisetrafikken på ein berekraftig måte henysnteke lokale interesser og anna landbassert turisttrafikk. Heriblandt må vi sjå på hamneorganiseringa i Stryn, for best mogleg lokal og folkevald styring.

tilleggspunkt vedtak 1, foreslått av Silje Åsnes Skarstein, SenterpartietSenterpartietSenterpartiet

Kommunestyret ber også administrasjonen prioritere tiltak knytt til infrastruktur og fellesgoder, samt avklare finansieringsmogelegheiter- som cruiseavgift i olden

Representanten Arnljot Sæternes (H) bad kommunestyret vurdere hans gildskap. Sæternes er styremedlem i Nordfjord Havn IKT. Sæternes vart kjend ugild. Heimel forvaltningslova §6.

Representanten Jan Erik Sandbakk (H) tok sete i Sæternes sin stad.

Kommunedirektøren orienterte før handsaming av saka.

Det vart røysta ved at formannskapet sitt framlegg vart sett opp mot alternativt framlegg nr 2 som vist i saka.

Formannskapet sitt framlegg:

Kommunestyret ber kommunedirektøren arbeide vidare med utgreiing av den landbasserte delen av cruisekai nr 2 der ein også tek omsyn til:

- *Kapasitet på landbasserte infrastrukturen, miljøomsyn og lokal tålevne*
- *Prioritering av cruisegjester frå egne havner vs eksterne havner.*
- *Korleis styre og fordele cruisetrafikken på ein berekraftig måte henysnteke lokale interesser og anna landbassert turisttrafikk.*
- *Avklaring i forhold til cruiseavgift med mogleg finansiering av fellesgodetiltak.*

Framlegget fekk 19 røyster og vart vedteke

Alternativt framlegg nr 2 fremja av representanten Torstein Tinnereim (V):

Kommunestyret ber kommunedirektøren avvente utgreiing av cruisekai nr

2 til ein har vurdert tålevne på mellom anna infrastruktur -

gangveg, veg, VA, landstraum, beredskap inkludert kapasitet helsetenster, natur og miljø, mottakskapasitet på opplevingsanlegg, fellesgode tiltak og innbyggjarundersøkjelse.

Kommunestyret ber også administrasjonen prioritere tiltak knytt til infrastruktur og fellesgoder, samt avklare finansieringsmogelegheiter -

cruiseavgift, før eventuell vidareføring av arbeid med ny cruisekai.

Framlegget fekk 6 røyster og fall

Det vart røysta over tilleggsframlegg frå representanten Stine Fjellkårstad (Sp)

Korleis styre og fordele cruisetrafikken på ein berekraftig måte henysnteke lokale interesser og anna landbassert turisttrafikk. Heriblandt må vi sjå på hamneorganiseringa i Stryn, for best mogleg lokal og folkevald styring.

Framlegget fekk 6 røyster og fall.

Det vart deretter røysta over tilleggsframlegg til alternativ 1 fremja av representanten Silje Skarstein (Sp)

Kommunestyret ber også administrasjonen prioritere tiltak knytt til infrastruktur og fellesgoder, samt avklare finansieringsmogelegheiter- som cruiseavgift i Olden

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 044/26 Vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren arbeide vidare med utgreiing av den landbasserte delen av cruisekai nr 2 der ein også tek omsyn til:

- Kapasitet på landbasserte infrastrukturen, miljøomsyn og lokal tålevne
- Prioritering av cruisegjester frå eigne havner vs eksterne havner.
- Korleis styre og fordele cruisetrafikken på ein berekraftig måte henysnteke lokale interesser og anna landbassert turisttrafikk.
- Avklaring i forhold til cruiseavgift med mogleg finansiering av fellesgodetiltak.

Kommunestyret ber også administrasjonen prioritere tiltak knytt til infrastruktur og fellesgoder, samt avklare finansieringsmogelegheiter- som cruiseavgift i Olden

045/26: Kommunedelplan for masselager - fastsetjing av planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av pbl § 11-13, jf. Pbl. § 4-1, vert planprogrammet for kommunedelplan for masselager i Stryn kommune fastsett.

Formannskapet 11.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 084/26 Vedtak:

I medhald av pbl § 11-13, jf. Pbl. § 4-1, vert planprogrammet for kommunedelplan for masselager i Stryn kommune fastsett.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 045/26 Vedtak:

I medhald av pbl § 11-13, jf. Pbl. § 4-1, vert planprogrammet for kommunedelplan for masselager i Stryn kommune fastsett.

046/26: Kommunedelplan for rv. 15 - fastsetjing av planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av pbl § 11-13, jf pbl. § 4-1 vert planprogram for kommunedelplan for rv.15 Strynefjellet med arm til Geiranger fastsett.

Formannskapet 11.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 085/26 Vedtak:

I medhald av pbl § 11-13, jf pbl. § 4-1 vert planprogram for kommunedelplan for rv.15 Strynefjellet med arm til Geiranger fastsett.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 046/26 Vedtak:

I medhald av pbl § 11-13, jf pbl. § 4-1 vert planprogram for kommunedelplan for rv.15 Strynefjellet med arm til Geiranger fastsett.

047/26: Førebuing budsjett 2027 - handlingsprogram 2027 - 2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren legge forutsetningane og innspela i denne saka til grunn i det vidare arbeidet med årsbudsjettet for 2027 og økonomiplanen for 2027 – 2030.

Finansutvalet 11.06.2026:

Handsaming:

Økonomisjef Eivind Hopland orienterte i saka.

FIU- 018/26 Vedtak:

Sak Førebuing budsjett 2027 -handlingsprogram 2027-2030 vert teke til vitande.

Formannskapet 11.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 091/26 Vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren legge forutsetningane og innspela i denne saka til grunn i det vidare arbeidet med årsbudsjettet for 2027 og økonomiplanen for 2027 – 2030.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren orienterte i saka og viste til arbeidsmøtet 30.april kommunedirektøren stadfestar igjen at kommunen har avgrensa handlingsrom. Er i starfasen med forstudie om moglege interkommunale samarbeid.

Ein presentasjon frå økonomisjefen er lagt til i saka.

Representanten Trstein Tvinnereim fekk permisjon, erstatta av vara : Bernhard Hole.

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 047/26 Vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren legge forutsetningane og innspela i denne saka til grunn i det vidare arbeidet med årsbudsjettet for 2027 og økonomiplanen for 2027 – 2030.

048/26: Rekneskapsrapport for Stryn kommune 1. tertial 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapporten for Stryn kommune pr. april 2026 blir teken til vitande.

Utval for helse og sosial 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UHS- 023/26 Vedtak:

Tertialrapporten for Stryn kommune pr. april 2026 blir teken til vitande.

Utval for samfunnsutvikling 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

USA- 028/26 Vedtak:

Tertialrapporten for Stryn kommune pr. april 2026 blir teken til vitande.

Utval for oppvekst 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UOP- 015/26 Vedtak:

Tertialrapporten for Stryn kommune pr. april 2026 blir teken til vitande.

Finansutvalet 11.06.2026:

Handsaming:

Økonomisjef Eivind Hopland orienterte i saka

FIU- 016/26 Vedtak:

Sak Rekneskapsrapport for Stryn kommune 1.tertial 2026 vert teke til vitande.

Formannskapet 11.06.2026:

Handsaming:

Framlegg frå utval for samfunnsutvikling, utval for oppvekst og utval for helse og sosial samrøystes tilrådd.

FO- 089/26 Vedtak:

Tertialrapporten for Stryn kommune pr. april 2026 blir teken til vitande.

Kommunestyret 16.06.2026:**Handsaming:**

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 048/26 Vedtak:

Tertialrapporten for Stryn kommune pr. april 2026 blir teken til vitande.

049/26: Budsjettendringar juni 2026**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner framlagde forslag til budsjettjusteringar i tabellen over vedr. endringar i det vedtekne driftsbudsjettet for 2026. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponere/fordele endringaforlaga som ikkje har oppført konkrete konto/ansvar/teneste.

Samla netto meirkostnad/-inntekt av forslaga er null og ingen påverknad på disposisjonsfondet.

Finansutvalet 11.06.2026:**Handsaming:**

Økonomisjef Eivind Hopland orienterte i saka.

FIU- 017/26 Vedtak:

Sak Budsjettendringar juni 2026 vart teke til vitande.

Formannskapet 11.06.2026:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 090/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner framlagde forslag til budsjettjusteringar i tabellen over vedr. endringar i det vedtekne driftsbudsjettet for 2026. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponere/fordele endringaforlaga som ikkje har oppført konkrete konto/ansvar/teneste.

Samla netto meirkostnad/-inntekt av forslaga er null og ingen påverknad på disposisjonsfondet.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 049/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner framlagde forslag til budsjettjusteringar i tabellen over vedr. endringar i det vedtekne driftsbudsjettet for 2026. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponere/fordele endringaforslaga som ikkje har oppført konkrete konto/ansvar/teneste.

Samla netto meirkostnad/-inntekt av forslaga er null og ingen påverknad på disposisjonsfondet.

050/26: Støttekontaktordninga - svar på verbalframlegg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert teke til vitande.

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 04.05.2026:

Handsaming:

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne har følgjande merknad:

Sjå tenester i samanheng, kva kan kommunen koordinere betre. Besøkseneste, innkjøpsavtalar med komp etc. Det er viktig at kommunen og andre aktørar informerar om tilbod med ledsagar.

Når det gjeld støttekontakter må ein vurdere i kvart enkelt tilfelle alder på støttekontakt og om den bør kunne disponere bil.

Kommunedirektøren sitt framlegg med merknad frå Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne samrøystes tilrådd.

REF- 011/26 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert teke til vitande.

Merknad frå rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne:

Sjå tenester i samanheng, kva kan kommunen koordinere betre. Besøkseneste, innkjøpsavtalar med komp etc. Det er viktig at kommunen og andre aktørar informerar om tilbod med ledsagar.

Når det gjeld støttekontakter må ein vurdere i kvart enkelt tilfelle alder på støttekontakt og om den bør kunne disponere bil.

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Under handsaming av saka vart utvalet gjort merksame på ei feil formulering i framlegg til vedtak. Rett formulering er: Sak om Støttekontaktordninga - svar på verbalframlegg vert teke til vitande. Samrøystes tilrådd

UHS- 011/26 Vedtak:

Sak om Støttekontaktordninga - svar på verbalframlegg vert teke til vitande.

Formannskapet 11.06.2026:

Handsaming:

Framlegg frå Utval for helse og sosial samrøystes tilrådd.

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne har gjeve innspel i saka.

FO- 077/26 Vedtak:

Sak om Støttekontaktordninga - svar på verbalframlegg vert teke til vitande.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Kommunalsjef Alexander Rande svarte på spørsmål

Har ikkje nok støttekontakter. Få uten tilbod. Hovedutfordring er varige ordningar. Opplever brukarane dette som godt og stabilt. Vil vi ha eit godt tilbod med støttekontakter

KS- 050/26 Vedtak:

Samr

051/26: Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 - Vedtak av plan

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Utval for helse og sosial 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UHS- 024/26 Vedtak:

Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Utval for oppvekst 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes tilrådd.

UOP- 018/26 Vedtak:

Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Utval for samfunnsutvikling 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

USA- 031/26 Vedtak:

1. Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 09.06.2026:

Handsaming:

Vurdering:

Det er positivt at Stryn kommune får ein plan som set fokus på den ressursen som ligg i frivillig arbeid. I ei tid med stadig fleire eldre med god helse opp i høg alder, er det viktig at også den gruppa kjem med i det frivillige arbeidet i større grad enn tidlegare. Det er mange ressurspersonar med lang fartstid frå frivillig arbeid i ulike organisasjonar. Dei har lang røynsle og kunnskap som dei som skal føre det friville arbeidet vidare kan dra nytte av. Eit samarbeid mellom unge og eldre kan vere positivt for begge partar, og for eldre er det spesielt viktig med aktivitet med tanke på ein betre kvardag. Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne ser det som viktig at begge desse gruppene får sin rettkomne plass i den delen av det frivillige arbeidet der dei framleis har mykje å tilføre.

Kommunen vert oppmoda til å vere meir proaktive til forpliktande samarbeid når det kjemt til lag og organisasjonar med eldre som målgruppe, og vil invitere samfunnskontakt til orientering og dialog til rådet og eldre og personar med nedsett funksjonsevne.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes tilrådd.

REF- 015/26 Vedtak:

Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Formannskapet 11.06.2026:

Handsaming:

Framlegg frå Utval for helse og sosial, Utval for oppvekst og Utval for samfunnsutvikling samrøyses tilrådd

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne har gjeve innspel i saka.

FO- 080/26 Vedtak:

1. Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Oppmoding frå varaordførar Sonja Øvre-Flo om at fleire må melde seg som frivillegge, til dømes til å bli med for å drifte sykkeltilbodet (sykkelskyss) ved Stryn omsorgssenter. Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 051/26 Vedtak:

1. Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

052/26: Saksframlegg - Helikoptertransport til Hestehytta

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune gjev Hestehyttas venner løyve til helikoptertransport av vedlikehaldsmateriale til Hestehytta på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld eitt løft til og frå Hestehytta for frakt av vedlikehaldsutstyr.
- Løyvet gjeld berre i tidsrommet 1. juli 2026-15. juli 2026. Flyging skal ikkje gjennomførast på søndagar eller i tidsrommet 22.00 – 07:00.
- Flyginga skal ikkje nyttast til persontransport.
- Løyvet skal vere med under transporten og kunne visast fram ved kontroll.
- Statens naturoppsyn v/ Rune Holen skal varslast på SMS seinast dagen før transporten til tlf. 975 95 102 i førekant av motorferdsla.

Stryn kommune minner om at «Motorferdsel i utmark og vassdrag skal foregå aktsomt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og menneske», jf. § 8 i motorferdsellova.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Arnt Magne Paulen		
Oddbjørn Reme		

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Representanten Arnt Magne Paulen (Sp) bad kommunestyret vurdere gildskapen. Paulen er styreleiar i Hestehytta. Representanten Oddbjørn Reme (Sp) er styremedlem i Hestehytta og bad også om at gildskapen vart vurdert. Begge vart kjende ugilde og deltok ikkje i handsaming av saka. Heimel forvaltningslova §6 1e

Representanten Silje Skarstein (Sp) hadde fått permisjon.

Det var 22 røysteføre

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 052/26 Vedtak:

Stryn kommune gjev Hestehyttas venner løyve til helikoptertransport av vedlikehaldsmateriale til Hestehytta på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld eitt løft til og frå Hestehytta for frakt av vedlikehaldsutstyr.
- Løyvet gjeld berre i tidsrommet 1. juli 2026-15. juli 2026. Flyging skal ikkje gjennomførast på søndagar eller i tidsrommet 22.00 – 07:00.
- Flyginga skal ikkje nyttast til persontransport.
- Løyvet skal vere med under transporten og kunne visast fram ved kontroll.
- Statens naturoppsyn v/ Rune Holen skal varslast på SMS seinast dagen før transporten til tlf. 975 95 102 i førekant av motorferdsla.

Stryn kommune minner om at «Motorferdsel i utmark og vassdrag skal foregå aktsomt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og menneske», jf. § 8 i motorferdsellova.

053/26: Saksframlegg - Søknad om dispensasjon til motorferdsel i Sunndalen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Anders Folven sin søknad om dispensasjon frå lovverket vert ikkje innvilga.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Det var 24 røysteføre. Representanten Silje Skarstein (Sp) hadde fått permisjon.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 053/26 Vedtak:

- Anders Folven sin søknad om dispensasjon frå lovverket vert ikkje innvilga.

054/26: Saksframlegg - Utandørs vaskehall ved Fagre Stryn bensinstasjon

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune pålegg Fagre Stryn Bensinstasjon AS å gjennomføre nødvendige tiltak for å stanse avrenning og utslepp frå den utandørs vaskehallen til omgjevnadene.

Verksemda skal innan **18.07.2026** sende inn plan for tiltak, inkludert eventuell byggjesøknad dersom tiltaka er søknadspliktige.

Tiltaket skal vere ferdigstilt innan **07.10.2026**.

Dersom pålegget ikkje vert følgt innan fastsette fristar, vil Stryn kommune vurdere å leggje ned bruksforbod for den utandørs vaskehallen med heimel i forureiningslova.

Stryn kommune pålegg Fagre Stryn bensinstasjon å søke løyve til utslepp av oljehaldig avlaupsvatn. Frist for å sende søknad om løyve er **18.07.2026**. Søknadsskjema er tilgjengeleg på Stryn kommune sine nettsider: <https://dialog.stryn.kommune.no/dialogue/SKO-54>

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Det var 24 røysteføre. Representanten Siljle Skarstein (Sp) hadde fått permisjon.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 054/26 Vedtak:

Stryn kommune pålegg Fagre Stryn Bensinstasjon AS å gjennomføre nødvendige tiltak for å stanse avrenning og utslepp frå den utandørs vaskehallen til omgjevnadene.

Verksemda skal innan **18.07.2026** sende inn plan for tiltak, inkludert eventuell byggjesøknad dersom tiltaka er søknadspliktige.

Tiltaket skal vere ferdigstilt innan **07.10.2026**.

Dersom pålegget ikkje vert følgt innan fastsette fristar, vil Stryn kommune vurdere å leggje ned bruksforbod for den utandørs vaskehallen med heimel i forureiningslova.

Stryn kommune pålegg Fagre Stryn bensinstasjon å søke løyve til utslepp av oljehaldig avlaupsvatn. Frist for å sende søknad om løyve er **18.07.2026**. Søknadsskjema er tilgjengeleg på Stryn kommune sine nettsider: <https://dialog.stryn.kommune.no/dialogue/SKO-54>

055/26: Handsaming av saker mellombels delegering av Motorferdselslova med forskrift

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Fram til ny motorferdelslov med forskrifter er kunngjort og iverksett har kommunedirektøren vedtaksmynde etter Motorferdselslova §6 og Motorferdselsforskrifta §5 og 6 . Når ny lov om Motorferdsle er kunngjort, blir delegeringsfullmakta handsama i kommunestyret

Delegeringsfullmakt etter Forureiningslova §§7 og 37 , Forureingsforskrifta §15-8 og Frilutslova §40 vert handsama seinare og saman med delegeringsfullmakt i ny lov om motorferdsel.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Det var 24 røysteføre. Representanten Silje Skarstein (Sp) hadde fått permisjon.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 055/26 Vedtak:

Fram til ny motorferdelslov med forskrifter er kunngjort og iverksett har kommunedirektøren vedtaksmynde etter Motorferdselslova §6 og Motorferdselsforskrifta §5 og 6 . Når ny lov om Motorferdsle er kunngjort, blir delegeringsfullmakta handsama i kommunestyret

Delegeringsfullmakt etter Forureiningslova §§7 og 37 , Forureingsforskrifta §15-8 og Frilutslova §40 vert handsama seinare og saman med delegeringsfullmakt i ny lov om motorferdsel.

056/26: Ny handsaming - Mellombels endring av skjenketid under fotball VM for herrar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Skjenketida vert i perioden 16. juni til 19.juli 2026 (VM perioden) utvida for søndag til torsdag til kl 02:00 med konsumtid til kl 02:30. Dette gjeld alle verksemder med skjenkeløyve.

Kommunestyret 16.06.2026:

Handsaming:

Det var 24 røysteføre. Representanten Silje Skarstein (Sp) hadde fått permisjon.

Frå Sp røysta desse mot framlegget: Jorunn Aa Myklebust, Johan Berge, Oddbjørn Reme, Arnt Magne Paulen.

Frå Krf røysta desse mot framlegget Vidar Stavik (Krf), Håvard Andre Kvamme (Krf)
Frå R røysta representanten Anders Hamre Sveen mot framlegget.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 17 røyster og vart vedteke.

KS- 056/26 Vedtak:

Skjenketida vert i perioden 16. juni til 19.juli 2026 (VM perioden) utvida for søndag til torsdag til kl 02:00 med konsumtid til kl 02:30. Dette gjeld alle verksemdar med skjenkeløyve.